

---

**Saksnr:** 2020/62649-1**Saksbehandlar:** Matti Torgersen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.09.2020
Fylkesutvalet		29.09.2020

## Prioritering av gjenverande portefølje i Haugalandspakken

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er einig i synspunkta frå Rogaland fylkeskommune om at det er fylkestinget i Rogaland som skal ta avgjerd i saka om prioritering av resterande portefølje i Haugalandspakken.
2. Fylkesutvalet ønskjer ikkje ta stilling til kva for delstrekning som bør prioriterast på fv. 47 Fagerheim-Ekrene, og viser til at styringsgruppa for Haugalandspakken og Rogaland fylkesting bør ta stilling til dette.
3. Det er viktig å få betra kryssingspunktet for mjuke trafikantar ved Rophus rett sør for Ekrene i Sveio kommune, og fylkesutvalet ber om at det vert avsett midlar innanfor dei resterande midlane i pakken til planfri kryssing ved dette punktet.

### Samandrag

Haugalandspakken er ei bompengepakke med innkrevjing fram til sommaren 2023, og omfattar kommunane Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn og Vindafjord i Rogaland og Sveio og Etne i Vestland. Forventa inntekter kan ikkje finansiere heile pakka, og Rogaland fylkeskommune arbeider med å kutte kostnader og å disponere resten av midlane i pakka. Eit av dei aktuelle prosjekta kryssar fylkesgrensa mellom Rogaland og Vestland, det er fv. 47 Fagerheim-Ekrene, der Rogaland fylkeskommune har vurdert 3 ulike delparsellar som kan byggjast ut. Eit av dei ligg i Sveio kommune. Det må også takast stilling til kven som har mynde til å gjere endeleg vedtak om prioritering, og Rogaland fylkeskommune meiner dette bør vere deira fylkesting. Rogaland fylkeskommune har på dette grunnlag sendt brev til Vestland fylkeskommune om synspunkt i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmannDina Lefdal  
Fylkesdirektør infrastruktur og veg

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*


## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Haugalandspakken er ei bompengepakke med innkrevjing fram til sommaren 2023, og omfattar kommunane Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn og Vindafjord i Rogaland og Sveio og Etne i Vestland. Over fleire år har det vore klårt at forventa inntekter ikkje kan finansiere heile pakka. Det har vore søkt om takstauke, men samferdselsdepartementet av slo i januar 2020 søknaden, med grunngjeving i at vedtaket er i tråd med gjeldande bompengepraktis. Inntektssvikten må difor handterast gjennom kutt i porteføljen.

Ettersom pakka inneheld prosjekt både i Rogaland og i Vestland fylke, ber Rogaland fylkeskommune i brev datert 24. august om synspunkt i saka. Brevet følgjer vedlagt. Saka skal opp i fylkestinget i Rogaland 20. oktober med føregåande handsaming i Samferdselsutvalget 23. september, Fylkesutvalget 29. september, og dei ber om mogleg om Vestland fylkeskommune sine synspunkt i saka føre deira handsaming.

Eit av dei aktuelle prosjekta kryssar fylkesgrensa mellom Rogaland og Vestland, det er fv. 47 Fagerheim-Ekrene. Kartet under viser Fagerheim i Haugesund kommune i sør og Ekrene i Sveio kommune i nord.



### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i høyringsaker.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Prosjektet vil bli finansiert gjennom bompengar, og vil difor ikkje ha konsekvensar for Vestland fylkeskommune sin økonomi.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Prioritering av prosjekt kan ha betydning for trafikktryggleik

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Saksopplysningar

Innkrevjinga i Haugalandspakken skal avsluttast sommaren 2023. Pr. 1.1.2020 vart det stipulert at resterande tilgjengelege midlar i pakka er på 1.340 mill. kr (inkludert statlege midlar, mva-kompensasjon, samt stipulerte og innbetalte bompengar). Resterande portefølje er på totalt 3 917 mill. kr.

Gjennom 2020 har det vore arbeidd med å kutte kostnadar i pakken og å disponere resten av midlane. Etter vedtak i styringsgruppa har dette vore gjort ved å kutte prosjekt i si heilskap, sjå om prosjekt kan delast opp i byggetrinn og vurdere om planlagd standard kan endrast.

Det er særleg 3 store prosjekt som har vore vurderte. Dette er:


- Fv. 547 Åkra sør - Veakrossen: Prosjektet inneberer å byggje ein omkøyingsveg aust for Åkrehamn i Karmøy kommune og har en anslått kostnad på 690 mill. kroner. Prosjektet vert føreslått å berre bli delvis utbygd, med ei kryssløysing i Åkra samt eventuelt delar av omkøyingsvegen.
- Salhusvegen i Haugesund kommune: Prosjektet er eit gang- og sykkelvegprosjekt i Karmøy og Haugesund kommunar.
- Fv. 47 Ekrene -Fagerheim: Prosjektet inneberer etablering av ny, trafiksikker fylkesveg mellom Sveio og Haugesund kommunar. Prosjektet har vedteken reguleringsplan i Sveio kommune, mens det er motsegn på reguleringsplanen i Haugesund kommune. Motsegna er forventa å snarleg trekkjast, slik at det kan godkjennast også i Haugesund. Anslått kostnad på prosjektet er 740 mill. kroner. Det er vurdert ein rekkje ulike byggetrinn, samt standardendring.

For fv. 47 Ekrene-Fagerheim inneberer endra standard m.a. at vegen blir dimensjonert for 80 km/t som fartsgrense i staden for 90 km/t, får noko endra kurvatur og kryssløysingar i plan i staden for planskilt for 2 kryss, m.a. eit på Ekrene i Sveio. Anslått kostnad vil med ei standardendring bli omtrent halvert samanlikna med tidlegare planlagd løysing. Gitt at standarden blir endra, ligg det føre tre aktuelle byggetrinn:

- Fagerheim-Førland er ei fortsetting frå prosjektet Kvala-Fagerheim som vart opna i januar 2018, og gjer dermed ein heilskapleg vegstandard i området. Strekninga er skuleveg og har inga løysing for gåande og syklande i dag. Byggetrinnet utbetrar og dårleg kurvatur. Anslått kostnad er 130 mill. kroner.
- Ekrene-Vikse har oppstart frå nord i Sveio kommune. Strekninga har i dag langsgående gang-/sykkelløysing mellom Ekrene og fylkesgrensa, men manglar g/s-tilbod mellom fylkesgrensa og Vikse. Kurvaturen er dårleg og ny vegløysing vil utbetre denne. Byggetrinnet har en anslått kostnad på 195 mill. kroner.
- Ekrene-Saltveit er ei forlenging av byggetrinnet Ekrene-Vikse. Forlenginga mellom Vikse og Saltveit har gjennomgåande gang-/sykkelløysing, men dårleg kurvatur. Byggetrinnet har ein anslått kostnad på 275 mill. kroner.

Ut i frå behovet for samanhengande standard på vegstrekninga, vert det ut i frå at Rogaland har prosjektleiinga lagt opp til at Rogaland handsamar fråvikssak frå standardkrav for heile strekninga Fagerheim-Ekrene politisk. Saka vert etter dette sendt til Vestland fylkeskommune for politisk handsaming.

Dei aktuelle byggetrinna med tilhøyrande kostnader (mill. kr.) er skisserte i figuren under.



I Rophus-området like sør for Ekrene i Sveio kommune er det i dag ein uheldig situasjon med kryssande fotgjengarar på ein uoversiktleg og trafikkfarleg plass. Dette blir utbeta om ein vel Fagerheim-Ekrene frå nord. Om Fagerheim-Førland blir vald som byggetrinn, kan det vere aktuelt å gjere strakstiltak i form av ein planskild kryssing for mjuke trafikantar her.

Styringsgruppa i Haugalandspakken har hatt tre møte i 2020 for å lande porteføljennretning i pakka.

I dei to påfølgande styringsgruppemøta har innretning av dei resterande midlane i pakken vore drøfta, i alt 474 mill. kr. For å unngå at det blir starta opp fleire prosjekt i pakka enn det den kan finansiere, har det vore lagt til grunn at det må setjast av ein buffer. Denne kjem først til realisering på eit seinare tidspunkt når ein kjenner faktisk kostnad ved dei andre prosjekta. Det er lagt til grunn eit bufferbehov på om lag 10 pst av attverande portefølje, dvs. rundt 130 mill. kr.

I styringsgruppa 2. juli 2020 utarbeida styringsgruppa tre alternative innrettingar:

Alternativ 1:

1. *Strakstiltak/trafikktryggleikstiltak v/ Rophus i Sveio, 20 mill. kroner*
2. *Åkra sør-Veakrossen, 110 mill. kroner*
3. *Fagerheim-Førland, 130 mill. kroner*
4. *Salhusveien, 90 mill. kroner*

*Buffer: 124 mill. kroner.*

Alternativ 2:

1. *Åkra sør-Veakrossen, kr 135 mil. kroner*
2. *Ekrene-Vikse, 195 mill. kroner*

*Buffer: 144 mill. kroner*

Alternativ 3:

1. *Åkra sør-Veakrossen, 110 mill. kroner*
2. *Fagerheim-Førland, 130 mill. kroner*
3. *Salhusveien avventar til den økonomiske situasjonen i pakka, under dette til status for Karmsundgata, er ytterlegare avklara.*

*Buffer: 234 mill. kroner (109 mill. kroner etter at Salhusveien er tatt med)*

Det ble votert over alternativene, med følgjande resultat:

- Alternativ 1 fekk tilslutnad frå Haugesund kommune (2 stemmer)
- Alternativ 2 fekk tilslutnad frå Sveio, Bokn, Vindafjord, Karmøy, Etne, Tysvær kommunar og Vestland fylkeskommune (8 stemmer)
- Alternativ 3 fekk tilslutnad frå Rogaland fylkeskommune (4 stemmer)

Det blei med dette ikkje oppnådd konsensus om nokon av alternativene. Hovudskilnaden i diskusjonen er om det skal prioriterast byggjetrinn frå nord eller sør i Fagerheim-Ekrene-prosjektet. Ettersom samtlege framlegg hadde inne tiltak i Åkra sør-Veakrossen på Karmøy, vart det vedteke å låse det rimelegaste byggjetrinnnet her. Med dette er følgjande prosjekt låst:

Prosjekt	Planstatus	Tiltak	Bompenger/ fylkesmidler	Statlige midler	SUM
<b>Pågående prosjekter og riving av bomstasjoner</b>			30		30
<b>Planleggingsmidler</b>			30		30
<b>Påløpte kostnader i 2019 som ikke er rekvirert</b>			30		30
<b>Kollektiv, busstopp og sykkelkur</b>		Kollektiv	12		12
<b>E134 Ølensvåg</b>	Bygging	G/S	4		4
<b>Fv734 Håkull-Trovåg</b>	Bygging	Breddeutvidelse	17		17
<b>E134 Tveit-Gjerde</b>	Planarbeid ikke igangsatt	Breddeutvidelse	68	85	153
<b>E134 Mørkelikrysset</b>	Bygging	Kryssutbedring	20		20
<b>Fv547 Skudenes-Kyrkeleite</b>	Bygging	G/S	52		52
<b>Fv47 Karmsundsgata</b>	Konkurransegrunnlag	Store prosjekt	367		367
<b>E134 Espelandssvingane</b>	Konkurransegrunnlag	G/S	15	79	94
<b>E134 Etne sentrum</b>	Reguleringsplan	G/S		2	2
<b>Fv938 Flotmyr-Stemmen (planleggingsmidler)</b>	Planarbeid ikke igangsatt	G/S	4		4
<b>E39 Gismarvik-Aksdal</b>	Planarbeid ikke igangsatt	G/S	51	1)	51
<b>SUM</b>			<b>700</b>	<b>166</b>	<b>866</b>

1) Prosjektet har i tillegg statlig finansiering på 48 millioner kroner, som ikke inngår i Haugalandspakken

Av disse låste prosjekta er det to som gjeld Vestland, begge i Etne kommune. Dette gjeld E134 Mørkelikrysset og E134 Etne sentrum, det siste er finansiert gjennom statlege midlar.

Vestland fylkeskommune sin representant i styringsgruppa er Siri Klokkestuen.

### Styring av Haugalandspakken

I St.prp. nr. 57 (2006-2007) «Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak på Haugalandet i Rogaland og Hordaland går det fram at styringsgruppa for pakken skal handsame budsjettprioriteringane før fylkeskommunal handsaming.

Det går ikkje fram av stortingsproposisjonen om kven som skal ha det avgjerande mynde til å ta avgjerd når det gjeld prioritering mellom prosjekt i to ulike fylke.

Rogaland fylkeskommune skriv i brev datert 24. august m.a.:

«Rogaland fylkeskommune er av den oppfatning at det primære beslutningsansvaret i denne prioriteringsdiskusjonen ligger i Rogaland fylkeskommune, ettersom det er Rogaland fylkeskommune som er økonomisk garantist og følgelig bærer den økonomiske risikoen i Haugalandspakken. Videre står samtlige bomstasjoner i Rogaland, og midlene skal i all hovedsak brukes i Rogaland. Rogaland har også sekretariatsansvaret og lederansvaret i Haugalandspakken.

Samtidig er det viktig og naturleg å få Vestland fylkeskommunes synspunkt i saken, ettersom Haugalandspakken også innbefatter kommuner i Vestland. Vi ber med dette om å Vestland fylkeskommunes synspunkt på hvordan resterende midler i Haugalandspakken skal fordeles.»

### Ny(e) samferdselspakke(r) på Haugalandet

Det er gjort vedtak i Rogaland fylkeskommune om å dele vidare arbeid med samferdselspakkar på Haugalandet i ein bypakke, samt eigne strekningsvise pakkar for aktuelle strekningar på E134, E39 og Fv.47.

Fylkesutvalet i tidlegare Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak 2. mai 2019:

Hordaland fylkeskommune kommune sluttar seg til at kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen startar arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakka(r) på Haugalandet som skal løyse samferdselsutfordringar i kommunane.

Utgreiingsarbeidet er under oppstart.

## Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen konstaterer at det ikkje er midlar i gjeldande Haugalandspakke til å finansiere heile strekninga fv. 47 Ekrene-Fagerheim. Rogaland fylkeskommune har gjort ein god jobb med å redusere kostnader for denne strekninga, og vurdere alternative framlegg til løysingar.

Fylkesrådmannen viser til at det i stortingsproposisjonen ikkje teke stilling til kva for fylkeskommune som skal ta avgjerd, eller om det krev felles vedtak i dei to fylkestinga når det gjeld prioritering mellom prosjekt som ligg i to fylkeskommunar. Rogaland fylkeskommune meiner som nemnt ovanfor at det er naturleg at fylkestinget i Rogaland tek den endelege avgjerda i saka ut i frå at dei leiar arbeidet, har dei fleste prosjekta, står som garantist og at alle bomstasjonane står i Rogaland. Fylkesrådmannen støtter synspunkta frå Rogaland, og meiner at det er naturleg at det er fylkestinget i Rogaland som tek endeleg avgjerd i saka.

Fylkesrådmannen viser til at utbygging av strekninga fv. 47 Ekrene-Vikse framfor parsellen Fagerheim-Førland vil gje standardsprang på strekninga, noko som er uheldig ut i frå omsynet til trafikktryggleiken. Samstundes ønskjer alle kommunane i området og Vestland fylkeskommune sin representant å prioritere fv. 47 Ekrene-Vikse. Fylkesrådmannen synast det er vanskeleg å ta stilling mellom prosjekt som ligg i Rogaland og som ligg i Vestland på delstrekninga fv. 47 Ekrene – Fagerheim, og ønskjer ikkje ta stilling til prioritering av delstrekningane. Fylkesrådmannen meiner difor at det bør vere opp til styringsgruppa i Haugalandspakken og Rogaland fylkeskommune å velje kva for av strekningane som bør prioriterast.

Samstundes er det eit uoversiktleg kryssingspunkt for mjuke trafikantar ved Rophus like ved Ekrene som m.a. nyttast av skuleelevar. Det er viktig å få til ein planskilt kryssing for mjuke trafikantar på dette punktet.

Som nemnt er det starta opp eit arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakka(r) på Haugalandet som skal løyse samferdselsutfordringar i kommunane. Det vil både bli vurdert bypakke for Haugesund, samt strekningsvise prosjekt på fv. 47 og på fv. 547 gjennom Karmøy. Det vil vere naturleg å vurdere ferdigstilling av heile delstrekninga fv. 47 Fagerheim-Ekrene, og eventuelt også andre tiltak vidare på fv. 47 mellom Ekrene og Haukås ved kryss til E39 i denne samanheng.